

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/05

av 28. januar 2002

## om godkjenning av at den tyske databasen for storfe er i full drift(\*)

[meldt under nummeret K(2002) 302]

(Berre den tyske teksta er gyldig)

(2002/67/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)  
nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system  
for identifikasjon og registrering av storfe og om merking  
av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av  
rådsforordning (EF) nr. 820/97<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 3,

med tilvising til oppmodinga som Tyskland har lagt fram, og  
ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dei tyske styresmaktene la 8. september 1999 fram  
for Kommisjonen ei oppmoding om godkjenning av at  
databasen deira, som er ein del av det tyske systemet for  
identifikasjon og registrering av storfe, er i full drift.
- 2) Den tyske oppmodinga vart lagd fram saman med  
relevante opplysningar som vart ajourførde 15. februar  
2001.
- 3) Dei tyske styresmaktene har plikta seg til å gjere basen  
meir påliteleg, særleg ved å sikre at i) tilleggstiltak,  
medrekna kontrolltiltak, skal verte gjorde for å sikre at  
fristane for melding om flytting, kalving og dødsfall  
vert avgrensa til høgst sju dagar, ii) alle former for  
flytting vert registrerte i databasen, og opplysningane vert  
kontrollerte, iii) dei eksisterande tiltaka for snøgg retting

av alle feil eller manglar som kan oppdagast automatisk  
eller etter kontroll på staden, vert styrkte, iv) ytterlegare  
tiltak vert gjorde for å sikre at kommisjonsforordning  
(EF) nr. 2630/97 vert stetta på det nasjonale territoriet.  
Dei tyske styresmaktene har plikta seg til å setje i verk  
desse betringstiltaka innan 30. juni 2001. Dei tyske  
styresmaktene har stadfesta gjennomføringa av dei  
fornemnde tiltaka.

- 4) På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er det  
føremålstenleg å godkjenne at databasen for storfe er i  
full drift —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Det er godkjent at den tyske databasen for storfe er i full drift.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland.

Utferda i Brussel, 28. januar 2002.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 26, 30.1.2002, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 24/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29, 5.6.2003, s. 6.

<sup>(1)</sup> TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.